



Arbeids- og velferdsdirektoratet  
Postboks 5 St. Olavs plass  
0130 OSLO

Vår dato:  
25.11.2019

Vår ref:  
2019/21896

Dykkar dato:  
-

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Grethe Underdal, 55 57 22 41

## Spørsmål om åtgangen til å innvilge sosialstønad i form av lån

Vi har den siste tida fått fleire klagesaker til behandling som gjeld val av stønadsform, nærmere bestemt at sosialstønad blir innvilga som lån i staden for bidrag.

I sosialtenestelova paragraf 21 står det at økonomisk stønad kan gis som bidrag, lån, garanti for lån, eller varer og tenester. Dersom Nav vel å gi stønad i form av lån bør Nav vurdere om stønadsmottakaren vil bli i stand til å tilbakebetale lånet. I rundskrivet til lova, R35, blir denne regelen stramma inn, i det det der står at økonomisk stønad som lån likevel berre skal gis dersom tenestemottakar på søknadstidspunktet har midlar, eller ein rett til midlar, som faktisk ikkje er tilgjengelege. Som eksempel står det at dette kan vere i situasjonar der tenestemottakaren er i ferd med å selje bil, bustad eller andre formuesgjenstandar, realisere formuesgode eller få arv eller gåve.

Det som har vore gjennomgåande, og utslagsgivande, for vår avgjerd i fleire av sakene, er skilnaden mellom Nav si og vår tolking av kva som ligg i omgrepene «ein rett til midlar» og «i ferd med».

### Ein rett til midlar

Etter vår vurdering må det, for at ein skal kunne slå fast at ein tenestemottakar har «ein rett til midlar» som faktisk ikkje er tilgjengelege, vere gjort eit vedtak eller ei anna avgjerd som gir vedkommande denne retten. Etter vår vurdering er det ikkje nok at vedkommande til dømes har søkt om studiestipend, eller om gjenopptak av ei trygdeyting frå og med ein konkret dato, for at Nav skal kunne gi stønaden som lån. Dette fordi ein søknad ikkje gir nokon garanti for at vedkommande får midlar, eller at vedkomande får nok midlar til å kunne betene eit sosiallån. Samstundes ser vi at ei slik tolking av omgrepet kan medføre at vedkommande får dobbel yting for same periode, og av og til også for ei lengre periode, dersom til dømes Lånekassa ikkje behandler søknaden med ein gong.

Vi ber Arbeids- og velferdsdirektoratet om å utdjupe kva dei legg i omgrepet «ein rett til midlar» og om vår tolking av omgrepet er rett eller feil. Vi ber også Arbeids- og velferdsdirektoratet om å orientere om årsaka til at regelen er stramma inn i dei føringane de gir i rundskriv R35, både i forhold til sjølve lovteksten og i forhold til det som tidlegare var gjeldande i rundskriv I-34/2000. Vi viser for ordens skull til at det i rundskriv I-34/2000 sto følgjande om stønad som lån: **Økonomisk**



*stønad i form av lån er først og fremst aktuelt dersom sosialtjenesten antar at mottaker vil bli i stand til å tilbakebetale lånet.*

*Det kan være aktuelt å yte stønad i form av lån i situasjoner der sosialtjenesten, etter en konkret vurdering, mener søkeres økonomiske situasjon vil bedre seg innen kort tid (...).*

#### I ferd med

Når direktoratet i rundskrivet skriv «*i ferd med*» å selje bil, bustad eller andre formuesgjenstandar, realisere formuesgode eller få arv eller gāve, så legg vi til grunn at det er ein føresetnad for Nav sin moglegheit til å innvilge sosialstønad som lån at prosessen med å få tilgang til midlane, arven eller gāva er i gong.

Vi har i fleire klagesaker sett at Nav gir stønad som lån med pant i tenestemottakarens bustad. Vi har tidlegare stadfesta slike saker, der Nav vurderte at dei kunne ha stilt vilkår om at vedkommande sel bustaden, og grunngjew avgjerala med at det er mindre inngripande å få stønad som lån enn å måtte selje bustaden. Vi ser i ettertid at slike avgjerder truleg ikkje er rett, dersom vi legg til grunn ei streng tolking av «*i ferd med*» lik det vi skisserer ovanfor.

Vi ser at de i brev dagsett 11. april 2019 til Fylkesmannen i Oslo og Viken, skriv at Nav ikkje kan krevje at ein tenestemottakar realiserer friverdi i bustad i tilfelle der det er opning for å krevje sal av bustaden. Dette har de grunngitt med at Nav ikkje kan tilvise ein tenestemottakar til å nytte kreditt eller ta opp lån. Stiller det seg annleis dersom Nav sjølv er långivaren? Vi har lagt til grunn at det i utgangspunktet ikkje gjer det, nettopp fordi «*i ferd med*» etter vår forståing inneber at midlane som vedkomande skal kunne betene sosiallånet med venteleg er nært føreståande og fordi føresetnadene for å gi stønad som lån med det isolert sett ikkje er oppfylt. Etter vår forståing må Nav i slike tilfelle gi stønad som bidrag, anten med eller utan vilkår om å selje bustaden.

Vi ber om at Arbeids- og velferdsdirektoratet tar stilling til om vår forståing av omgrepene «*i ferd med*», og til det vi elles skriv her, er i samsvar med dykkar lovtolking.

Vi ønskjer eit snarleg svar, og at svaret vert merkt med vårt referansenummer 2019/21896. Fram til vi får svar vil vi halde fram med å behandle klager på stønadsform med utgangspunkt i det vi her har gjort greie for.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen  
seksjonssjef

Grethe Underdal  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*